

Eg er beden om å gje ein presentasjon av meg sjølv i samband med valg av ny preses for Den norske kyrkja, ved å svare på fem spørsmål. Det har eg prøvd, og sender over min tekst. Eg ser fram til å utdjupe dette meir i ein samtale med Kyrkjerådet.

Spørsmåla eg fekk, var desse:

Hva ser du som den største utfordringen for Den norske kirke fremover? 2. Hvilken rolle bør Den norske kirke ha i samfunnet og i den offentlige debatt? 3. Reflekter over hvordan du ønsker å bidra til å fylle den rollen. 4. Hvordan vil du gjøre bruk av dine ledererfaringer og kompetanse i ansvaret som preses i Bispemøtet og som leder og inspirator for hele kirken? 5. Hvordan vil du karakterisere deg selv som person og prest?

1. Den største utfordringa for Den norske kyrkja er å vere fokusert på kva vi skal, kven vi skal vere til for, og kven vi representerer. Som kyrkje er vi satt til å formidle evangeliet om Jesus Kristus, i det vi seier og det vi gjer, på ein slik måte at det skaper tru, håp og kjærleik.

Når kyrkjias oppdrag er formulert som «døyp dei og lær dei å halde alt det eg har bode dykk», betyr det å invitere til eit liv med Jesus, og å arbeide for ei betre verd og eit betre liv for alle menneske, enten det er i det lokale, nasjonale eller globale fellesskapet. I kyrkja skal ein merke at det både er rom for deg og bruk for deg.

På ein særleg måte kjem denne utfordringa til å ha rett fokus tydeleg fram i forvaltinga av dåpens sakrament. Det gjeld korleis kyrkja inviterer til, legg til rette for, utfører og følgjer opp dåpen. Evangeliet handlar om dåpens nåde og viser oss korleis vi kan leve som døpt i fellesskap og teneste for andre.

Å ha fokus på oppdraget er ikkje minst ei utfordring når Den norske kyrkja går gjennom store endringar. Det er endringar i korleis vi ordnar og styrer kyrkja, i medlemene sitt forhold til kyrkja, og i kyrkja si rolle i det norske samfunnet. Det gjeld å halde fast på kvifor vi høyrer saman i

ei kyrkje med eit stort mangfald og ein del motsetnader. Vi skal vere kyrkje i eit pluralistisk Noreg i store endringar. Kyrkja skal vere der for alle sine medlemmer, men også bidra gjennom teneste og vitnemål i vårt felles liv i heile det norske samfunnet, lokalt og nasjonalt.

Ei opa folkekyrkje har eit enormt potensiale med sitt nærvær overalt og i alle slags livssituasjonar. No er utfordringa å foreine det vi har og er med nye perspektiv på det å vere kyrkje i Noreg og i verda, i dag og i tida som ligg framfor oss. Det handlar om å vere ei nærverande folkekyrkje som kan bidra med noko som formidlar både substans og relevans. Dette skjer i eit vidare fellesskap med andre kyrkjer i Noreg og elles i verda, der vi kan lære mykje av andre om å vere kyrkje under svært ulike vilkår.

Utfordringa blir dermed også å finne ut korleis ein organiserer oss best for dette oppdraget. Den norske kyrkja i Noreg vår tid må søkje å vere ein vel fungerande organisasjon med tydelege oppgåver og roller og adekvate relasjonar, som brukar dei samla menneskelege, økonomiske og materielle ressursane godt på sitt felles oppdrag.

2. På mange måtar er kyrkjias sitt vesen og oppdrag nettopp å kommunisere, i alt vi er, i det vi seier og gjer. Kyrkja formidlar evangeliet og dei verdiar vi har fått formidla til oss av Jesus. Den viktigaste kommunikasjonen skjer nok i personlege møte med den enkelte, i forkyning og formidling i den lokale kyrkja og det som skjer der i sorg og glede, kvardag og fest.

Men kyrkjias kommunikasjon skjer også i det offentlege rom i organiserte medier og sosiale medier. Difor er det ei viktig side ved kyrkjias kommunikasjon å bidra - ut frå sitt oppdrag - i samfunnets diskusjonar av vesentlege moralske og politiske spørsmål, enten det vedgår den enkelte, eit lokalmiljø, men også i vidare forstand land og folk, og i samarbeid for global rettferd og fred.

Kyrkja er med sitt budskap og som offentleg aktør ein del av meiningsdanning og meiningsbrytning i samfunnet. Kyrkja må også lytte og lære av andre i samfunnet for å fylle dette oppdraget. Stundom betyr

dette offentlege oppdraget å tale tydeleg mot ulike trendar og med kritikk av andre samfunnsaktørar.

3. Eg vil gjerne prøve å fylle rolla som preses ved å bidra til at Den norske kyrkja blir sett og høyrte, og at det er gode og saklege bidrag frå kyrkja i det offentlege rom. Kyrkjjas «profetiske rolle» vert ofte diskutert i det økumenisk fellesskap. Eg meiner det handlar om å vere tydeleg med både ei kritisk og ei konstruktiv røyst.

Det inneber at ein må vere både aktiv og tilgjengeleg, å vere godt førebudd, og å gjere dette i samarbeid og samråd med medarbeidarar, med andre i bispekollegiet og i kyrkjeleiinga, og med gode fagfolk i kyrkja og elles.

Eg vil gjerne arbeide med kommunikasjonsstrategiar for kyrkja, der det inngår også ein kommunikasjonsstrategi spesielt for preses si oppgåve og rolle i tida som kjem. Det gjeld å velge dei riktige og beste medier og måtar å formidle budskap på. Men det gjeld ikkje minst å utforme strategiar for kva ein vil formidle og overfor kven. Det gjeld også å tenkje strategisk i forhold til innhald og timing av det ein formidlar. Ein skal ikkje alltid tale og ikkje om alt, men ein skal alltid vere medviten om at ein talar på vegner av mange og til folk i mange ulike samanhengar.

Eg vil difor halde fram med å prøve å vere godt orientert om kva som skjer i samfunnet i Noreg og i verda. Det har eg måtte vere i den oppgåva eg har hatt, ved å følge daglig med både i fleire norske og utanlandske aviser og medier, og på sosiale medier. Dessutan har eg prøvd å orientere meg meir fagleg innan teologi, etikk, politikk, samfunnsforskning etc, for å få større perspektiv og bakgrunn for å forstå kva som skjer. Dessutan er det viktig å delta i stadige drøftingar og diskusjonar med andre i ulike samanhengar.

Biskopar og dermed også preses har ei spesiell oppgåve i å sjå til at kyrkja formidlar det mest sentrale i kyrkjjas budskap, for å støtte dei som treng det, og for å formidle utfordringar til dei som skal ha det.

Ein biskop skal både lytte til dei andre og samle og foreine mangfaldet i kyrkja om vår felles tru. Som preses er det eit særleg ansvar å vere både representativ for heile kyrkja og profilert. Det kan stundom bety at det er viktigare at ein formidlar budskapet på ein god måte enn å dominere og få det siste ordet.

4. Noko av det eg har likt best med den leiaroppgåva eg har hatt dei siste åra, er at eg har hatt ansvar for å lytte til mange og forstå kva som er deira situasjon og problem, og å kunne inspirere til tru og teneste, til felles innsats for ei betre verd for dei mange som treng det. Det har skjedd gjennom møter og samtaler, gjennom forkynning og skriftlege budskap.

Eg har lært at ein får bruk for alt ein har lært, og at ein skal bruke alt ein har lært. Det fordrar at ein som leiar også er open for å lære meir. Gjennom dei unike sjansar eg har hatt til å oppleve og lære om kyrkjeliv og lederskap i mange kyrkjesamfunn, i ulike land og kulturar, har eg sett mange måtar å vere kyrkje på og korleis kyrkja kan bety noko for folk. Dette trur eg kjem vel med i Bispemøtet sitt arbeid med å utvikle og utøve åndeleg og pastoralt leiarskap i kyrkja.

Eg prøver å utøve leiaraskap ved å gi andre tru på seg sjølv, deira kall, og det dei kan få gjort. Difor har eg utført leiarskap med mykje delegasjon av ansvar og oppgåver til andre, i god dialog, og med tillit og forventning om at dei gjer sitt beste for å oppnå dei mål vi har sett oss for fremje våre felles verdier.

Mi breie økumeniske og internasjonale erfaring trur eg er ein god ballast når vi skal anerkjenne og utvikle mangfaldet i kyrkja. Det må skje samstundes med at vi held fast på vårt felles grunnlag og oppdrag. Det eg ofte har gjort i KV i så måte er å insistere på å vere oppgåveorienterte og ikkje bli for sjølvopptekne som institusjonar, organisasjonar og personar. Det er dei vi skal tene med det vi gjer som må vere hovudsaka.

Eg har lært at ein som leiar skal gå både føre og bak dei andre. Ein skal både vise veg og ein skal oppmuntre og følgje med på dei andre, deira liv og utfordringar. Det trur eg er ei viktig oppgåve for preses.

5. Eg er ein person som er opplært til og som likar å ta ansvar for oppgåver, gjerne også leiaroppgåver. Eg er opptatt av å få gjort noko nyttig og gjerne noko nytt. Eg er difor også nokså nysgjerring, eg vil særleg forstå meir for å kunne handle betre, som einskildmenneske og fellesskap.

Eg har glede av å arbeide tett med andre, i opne og tillitsfulle relasjonar, i gjensidig ansvar overfor kvarandre. Det inneber kommunikasjon som både stadfestar andre og som inviterer til kritisk og konstruktiv refleksjon. Eg vert glad når eg ser at vi får til noko saman, når alle får bruke sine ulike evner og gåver, med den kunnskap og kompetanse dei har.

Eg er avhengig av å kjenne varmen av menneskeleg fellesskap, ikkje minst når det utfordrar og bryt på. Eg er glad i å vere ute og kjenne meg som ein del av det skapte, som natur i natur, for å sjå livet utfalde seg med all sin Gud-gitte fylde.

Det økumeniske fellesskapet på tvers av ulike tradisjonar og kulturar har vore spesielt berikande for meg og prega meg, styrkt mi tru, og utvida mi livshaldning på mange vis.

Eg likar å vere ein formidlar, som arbeider engasjert med korleis evangeliet skal nå fram til dei eg skal gi noko til. Eg ønskjer å formidle evangeliets frigjerande kraft, håp og trøst, og kva trua på Kristus inneber som rettleiing for korleis vi lever saman som ein menneskeleg familie i Guds eine skaparverk i dag og i morgon. Det er mykje som står på spel. Vi har mykje å gjere. Ut frå det som er gitt oss i vår tru på den oppstandne Kristus har vi mykje å bidra med.

15. januar 2020

Olav Fykse Tveit